



## Referat frå møte i FBR torsdag 2. april 2020

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen i Vestland, Vest politidistrikt, Sør-Vest politidistrikt, HV09, HV-11, Haakonsvern orlogsstasjon, Alarmsentralen i Florø, Bergen Brannvesen, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, NAV, Bergen og omland havnevesen, NRK, Bane NOR, Avinor (Flesland), KDS Hordaland (BKK), KDS Sogn og Fjordane (SFE), Telenor, Vestland fylkeskommune, Kystverket region vest, Mattilsynet region Sør og Vest, Statens Kartverk, Bergen kommune, Statens Vegvesen region vest, Sivilforsvardsdistrikt – SF og H, NVE Region Vest, Røde Kors Hordaland, Røde Kors Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet Region Vest, Den Norske Kyrkje, Redningsselskapet Region Vest, Bufetat Region Vest, NHO Vestland og UDI

### 1. Til orientering

Fylkesmannen har nytt vakttelefonnummer: 916 99 098.

### 2. Situasjonsoppdatering

#### Helsesituasjonen v/fylkeslegen

Generelt sett har ein ganske god kontroll på situasjonen i fylket. I rundt halvparten av kommunane er det per i dag ikkje påvist smitte.

Det er på nokre område utfordringar fordi ordinære helsetilbod er redusert, dette gjeld til dømes tilbod til psykisk utviklingshemma, ruslidingar, psykisk helse og demente.

Kommunane jobbar godt for å få opp kapasiteten og førebu seg på ein situasjon der mange kan bli sjuke.

Fylkesmannen opplever at det er eit godt samarbeid mellom kommunane og helseføretaka. Etablerte strukturar for samarbeid mellom føretaka og kommunane vert nytta, både når det gjeld å fordele utstyr, rekruttering av personell og til dialog om kapasitetsbygging. Det velfungerande samarbeidet mellom kommunane og helseføretaka i Helse Vest har blitt lagt merke til av nasjonale myndigheter.

Tre sentrale tema i det vidare arbeidet er kapasitet, mangel på smittevernustyr og utfordrande personellsituasjon.

#### Helsesituasjonen v/helseføretaka

##### *Helse Bergen*

Per i dag er det i Helse Bergen 13 pasientar som er innlagt på sjukehus med covid-19. Sju av desse får respiratorbehandling. Helseføretaket melder om at dei i dag har kapasitet på sjukehuset, og at dei opplever låg tilstrøyming av andre pasientgrupper.

Innan psykisk helse, rus, barne- og ungdomspsykiatri er det god dialog med kommunane, men dei ser at dette er område som kanskje blir skadelidande i den situasjonen vi står i.

Smittevern: Helse Bergen har vore opptekne av å få tak i så mykje utstyr som mogleg. Dei er noko uroa for tilførselen av materiell, både når ein kan vente å få utlevert utstyret og kvaliteten på det som kjem. Helse Sør-Øst HF kvalitetssikrar utstyrsliveransane før dei blir vidaresendt til dei regionale helseføretaka.



**Testing:** Det er avgrensa tilgang til testsett og reagens nasjonalt og at dei difor er i ei rasjoneringsfase som påverkar kva teststrategi ein kan nytte.

**Personell:** Helse Bergen og kommunane i deira opptaksområde har etablert felles rekryteringsløysing for personell som ønskjer å bidra. Så langt har 1000 personar meldt seg, og det vert arbeidt med å etablere strategiar for opplæring. Helseføretaket melder om mest press på intensiv- og mottaksdelen.

#### *Helse Fonna*

Føretaket gjer dei same erfaringane som Helse Bergen. Føretaket trakk fram at det er viktig å ha særleg merksemd mot sårbare grupper. Dei prøver mellom anna å halde oppe aktiviteten på BUP.

#### *Helse Førde*

Føretaket slutta seg til kommentarane frå Helse Fonna og Helse Bergen.

Alle tre helseføretaka stilte seg bak fylkeslegen si skildring av det gode samarbeidet mellom helseføretaka og kommunane.

#### Situasjonen sett frå beredskapsseksjonen v/Haavard Stensvand

Hovudinntrykket er at ting fungerer rimeleg godt.

Vi har eit tett samvirke med direktorats- og departementsnivå, gjennom mellom anna hyppig møteverksemd. Vi ser at det er eit stort informasjonsbehov, og gjennomfører to telefommøte i veka med kommunane. Tema som kommunane har vore særleg opptekne av i det siste er «hytteforbodet», skuler, barnehagar og smittevernustyr.

Nasjonalt har det vore stor merksemd rundt lokale karantenevedtak. Per i dag har vi ingen slike vedtak i Vestland.

### **3. Situasjonen i næringslivet v/Ann-Kristin Kristoffersen, NHO**

#### *Verknadar for næringslivet*

NHO har hatt medlemsundersøkingar kvar veke. Den fjerde undersøkinga viser at situasjonen blir stadig meir prekær for bedrifter i alle bransjar. Tre av ti bedrifter seier at dei står i ein reell fare for å gå konkurs. Åtte av ti melder om nedgang i etterspørsel, ein av tre om problem med å betale kostnadene sine og ein av ti planlegg oppseiingar. I tillegg seier seks av ti bedrifter at dei har permittert tilsette, og seks av ti at dei har problem med å få levert varer og tenester. Regionalt jobbar NHO saman med LO Vestland og Fylkeskommunen for å halde hjula i gang.

#### *Transport- og forsyningssnæringa (kritiske samfunnsfunksjonar)*

Det vert vist til at situasjonen er alvorleg i denne næringa. Jernbane og skip gjekk allereie med tap før 12. mars. Hurtigruta sine innstillingar av seglingar er ei særleg utfordring for godsleveranse langs kysten.

Det har vore nokre gode gjennomslag rundt det praktiske for næringa. Det er mellom anna gjort fritak for kritisk personell og sjåførar frå karantenereglar og reiserestriksjonar (ankomstforskrifta og lokale karantenevedtak), som hadde god effekt. Andre tiltak som vert sett på som viktige frå NHO sitt perspektiv er å lempe på tollregelverket.



#### **4. Status på ferjesituasjonen**

Det er faste møte mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen fleire gonger for veka. Det er ikkje gitt føringar for at situasjonar med fare for innstilling i ferjetrafikken på grunn av sjukdom eller smitte, skal handterast nasjonalt. Inntil vidare vert slike spørsmål difor handtert på regionalt nivå.

Så langt har verken fylkeskommunen eller Statens vegvesen mått redusere ferje- eller båttilbodet av slike grunnar, men nokre ruter har redusert tilbod fordi det er færre reisande.

Det er avtalt at fylkeskommunen og/eller Statens vegvesen varslar Fylkesmannen dersom det oppstår utfordringar knytt til rutetilbodet. Fylkesmannen vil i så fall involvere aktuelle aktørar i fylkesberedskapsrådet i vurderingane av kor kritisk ei eventuell innstilling vil vere for viktige samfunnsfunksjonar.

#### **5. IKT-tryggleik under Koronasituasjonen - varsel frå NSM**

Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) seier at det er ei auke i svindelforsøk under koronakrisa. NSM oppmodar m.a. om å vere forsiktige med mistenksame e-postar. Den omfattande bruken av heimekontor kan gje utfordringar for IKT-tryggleiken.

Det er òg viktig at verksemndene gjer verdivurderingar av informasjonen før den vert delt med andre.

#### **6. Ivaretaking av sårbare barn og unge**

Koronasituasjonen har i stor grad har vist oss betydninga av skule og barnehage. Det gjeld spesielt for born som lever i ein vanskeleg familiesituasjon. Barnevernstenesta blir i mykje mindre grad kontakta enn normalt, utan at det er grunn til å tru at behovet er noko mindre.

Fylkesmannen opplever samarbeid mellom barnevern, skule og barnehage som tett og godt. Vi ser samstundes at det er ei utfording at ikkje alle ønskjer å nytte dei tilboda som skulane og barnehagane gir, fordi det kan opplevast som stigmatiserande. Vi ser òg at det kan vere utfordrande å få ut tilstrekkeleg informasjon om tilboda. For denne gruppa vil det vere viktig å få kome tilbake i barnehage og på skulen.

Bufetat melder om at alle deira tenester er oppe og går, og at dei har god dialog med kommunane. Dei er særleg oppteke av at deira nære samarbeidspartnarar innan psykisk helse for born og unge opprettheld sine tilbod. Dei understrekar at det er viktig at dei får beskjed dersom det vert gjort endringar i desse tilboda.

Bufetat har så langt ikkje hatt nokon smitta i sine institusjonar, men er urolege for konsekvensane viss det skulle skje. Det vil det til dømes kunne vere krevjande å få levert tilstrekkelege tenester i ein slik situasjon, då vil dei vere avhengige av tett dialog med kommune og helseføretak.

Fylkesmannen informerte om at Regjeringa og partane i arbeidslivet ønskjer å sikre at sårbare barn, og barn til tilsette i kritiske samfunnsfunksjonar, får tilbod heile påska. Barnehagane og skulane vert difor oppmoda om å halde ope heile påska, òg i heilagdagane, dersom det er behov for det.



## 7. Risiko for samtidige hendingar

### *Potensiell vårflaum ved NVE*

NVE har [publisert ein rapport om prognosar for vårflaum på varsom.no](#). Grunna store snømengder i fjellet er det fare for store vårflaumar. Vårflaumar er vanlegvis ikkje så stort problem i Vestland (vi vert i større grad råka av haustflaumar). NVE kjem tilbake med meir informasjon viss det utviklar seg i negativ retning utover våren.

For NVE vil ei langvarig situasjon med vårflaumproblematikk kunne føre til kapasitetsproblem. NVE legg planar for korleis dei ulike regionane skal kunne hjelpe kvarandre.

Ei anna utfordring no er risikoen knytt til sørpeskred. Slike skred har stort skadepotensiale.

### *Utfordringar ved ei masseevakuering*

Vest politidistrikt trakk fram ei mogleg utfordring knytt til smittevern i samband med ei potensiell masseevakuering.

Fylkesberedskapssjefen sa at på grunn av mangelsituasjonen på utstyrssida er det ikkje mogleg å halde igjen smittevernutstyr med tanke på ein slik mogleg situasjon. Viss ein akutt situasjon skulle oppstå vil ein måtte flytte raskt på det utstyret som er tilgjengeleg.

## 8. Statusrunde frå medlemmane i fylkesberedskapsrådet

*Røde kors:* Ha auka eigen beredskap i takt med offentleg sektor. Dei melder om at det er god kontakt med politiet og kommunane. I Hordaland og Sogn og Fjordane er det over 6000 frivillige.

*HV-11:* I Sogn, Sunnfjord og Nordfjord er det godt med mannskap tilgjengeleg. Ved ønske om bistand frå heimevernet er det viktig å nytte dei etablerte kanalane.

Fylkesberedskapssjefen peikte på at det nyleg er vedteke ei eiga [forskrift om støtte frå Forsvaret til aktørar med ansvar for samfunnstryggleik under koronapandemien](#).

For at Forsvaret skal yte støtte er det to kriterium som skal vere oppfylt:

1. Situasjonen skal vere alvorleg og det skal vere behov for å verne liv og helse, og hindre omfattande skade på miljøet, eigedom eller materielle verdiar.
2. Sivile ressursar skal nyttast først. Tilgangen til sivile ressursar må være uttømt eller ikkje tilgjengeleg. Dette gjeld både frivillige og kommersielle aktørar.

Alle spørsmål om støtte skal sendast til Fylkesmannen, som gjer ei vurdering og eventuelt formidlar spørsmålet om støtte vidare til DSB.

*UDI:* Det er to asylmottak i Vestland, med meir enn 300 asylsøkarar til saman. UDI er uroa for at folk bur tett. Dei opplever at alle skulane er proaktive ut mot sine bebuarar. Vidare skulle dei gjerne sett at tilsette og bebuarar blir prioriterte ved testing dersom det er mistanke om smitte.

*Vest politidistrikt:* Politiet har i dag god kapasitet, og god operativ evne. Samarbeidet mellom etatane fungerer godt. Politiet er klar over at skjer ting innan for husets fire veggar, men jobbar med førebyggande tiltak. Dei har frigjort ein del kapasitet for å prioritere dette i tida som kjem.



*Redningsselskapet:* Alle skøyter er i drift, og er utstyrt med smittevernustyr. Dei kan omplassere båtar ved behov viss ferjesamband vert innstilt, t.d. for å hjelpe helseføretaka med pasienttransport/ambulanseoppdrag.

*Sivilforsvaret:* Av mannskapet er cirka 1/3 tilgjengelege på kort varsel, 1/3 er tilgjengeleg på litt lengre sikt, medan resten har fritak grunna arbeid i helsevesenet og andre kritiske samfunnsfunksjonar.. Det er oppretta ei felles ordning for alle distrikta knytt til vurdering om søknadar om fritak frå teneste. Når det gjeld samtidige hendingar har dei stor merksemrd på å støtte kommunar og nødetatar med handtering av flaum, skred og etter kvart skogbrann.

*Bergen brannvesen:* Per i dag er det veldig god beredskap, men er merksam på at vi snart kjem inn i skogbrannsesongen. Det er ein nedgang i tal oppdrag.

*Håkonsvern:* Sjøforsvaret har merksemrd på å halde oppe operativ verksemrd. Det er vedteke at innrulleringa av rekruttar skal gå som planlagt. For sjøforsvaret er det innrykk ved Madla i Stavanger 20. april, og rundt 600-700 av desse vil truleg kome til Haakonsvern i juni.